



Kyrkja i Sogndal er ein aktiv arbeidsplass med engasjerte tilsette. Til saman utgjer staben 16 fellesrådstilsette, 4 prestestillingar og 1 prost. Me arbeider aktivt med å utvikle og forbetra oss, og vil i den samanhengen gjerne ha DEG med på laget!

## Ledig stilling

### KYRKJETENAR I BALESTRAND

#### 25 % deltid, fast stilling, ledig frå 1.april 2025

Det er ledig 25 prosent fast stilling som kyrkjetenar i Balestrand sokn for snarleg tilsetjing.

Stillinga har Sogndal kyrkjelege fellesråd som arbeidsgjevar, og vil ha hovudarbeidsstad i kyrkjene i Balestrand sokn: Tjugum, Sæle og Kvamsøy. I tillegg kan det påreknaast enkelte tenester i St. Olafs kyrkje og nokre andre gudstenestestader, også utandørs. Kyrkjetenaren er ein viktig tilretteleggjar ved alle kyrkjelege tenester og andre arrangement i kyrkjene med ansvar for klargjering, opprydding, tilsyn og reinhald. Arbeidet er hovudsakleg knytt til gudstenester i helgar og på høgtidsdagar, samt gravferder på vekedagar. I tillegg kjem vigslar og andre arrangement i kyrkja, som konsertar, fram- syningar og trusopplæring.

**Me ynskjer** allsidige søkerar som kan arbeide sjølvstendig, men samtidig har evne til samarbeid med både friviljuge og tilsette og kan møte deltakarar på ein god måte.

#### Me kan tilby:

- Løns -og arbeidsvilkår i samsvar med gjeldande tariffavtalar og regelverk innanfor kyrkjeleg sektor
- Pensjons- og forsikringsordning gjennom KLP

Det vert kravd medlemskap i Den norske kyrkja. Søkjar må disponere eigen bil. Køyregodtgjersle i samsvar med gjeldande regulativ. Kvelds-, helge- og høgtidsarbeid må reknast med. Ved tilsetjing vil også personlege eigenskapar som evne til samarbeid, organisering og kommunikasjon bli vurdert.

Nærmore informasjon får du ved å vende deg til Sogndal kyrkjekontor v/kirkjeveje på telefon 57 67 99 85.

#### SØKNADSFRIST: 25. mars 2025.

*Dersom du ynskjer å reservere deg mot oppføring på offentleg søkerliste, må dette grunngjenvært. Du vil bli varslet dersom ønsket om reservasjon ikkje blir teke til følgje.*

Skriftleg søknad sendast til:

Sogndal kyrkjelege fellesråd  
v/ administrasjonsutvalet  
Postboks 180  
6851 SOWNDAL

Send gjerne søknad via e-post: JH449@kyrkja.no